



Frå møtet i Gamleskulen som i stor grad var ein oppsummering av 2008-sesongen. Frå venstre sit Magne Huglen, Henrik Lyse, Jan Henrik Hansen, Arne Terje Haugland og Tor Vidar Sæle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Er det snart aktuelt i Uskedalen å engasjera til dømes ein flink, oppegåande ungdom som turistvert i sommarmånadane?

Møte- og prosjektleiar Kristian Bringedal stilte spørsmålet under sesongens første dialogforum i Gamleskulen måndag kveld utan å få noko klart svar.

Men Magne Huglen peikte på at det iallfall burde vera mogeleg å ha ein sams vert for dei to båthamnane og trudde ellers at SPAR og Rabben Feriesenter eventuelt vil ha mest igjen for ein slik jobb.

Møtet var i stor grad ein oppsummering av 2008-sesongen men fleire sentrale aktørar møtte diverre ikkje. Johan Henrik Lyse sa på vegne av det nyopna Vertshuset at leiinga der er godt fornøgd med starten, ikkje minst med besøket av båt-turistar. Han var svært glad for at så mange har hjulpe til gjennom sommaren. Dei satser framleis på å få tak i ein drivar.

Fleire streka under at Vertshuset er viktig for Uskedalen. Magne Huglen kalla det "eit voldsomt positivt tiltak" som slett ikkje er ein konkurrent for Dønhaug Gjestegard, men snarare ein samarbeidspartnar som styrkjer begge. Men utifrå sin erfaring sa han at det ikkje er grunnlag for å halda ein pub open i Uskedalen – heller ikkje om sommaren.

- Her er det slik at anten går mange ut - eller så går dei ikkje ut i det heile tatt, sa han.

Aslaug Lyse: - Ja, vi treng Vertshuset. Også våre gjester på Solheim set pris på dette tilbodet.

Jan Henrik Hansen spurte om den gamle Tirsdagsklubben vil koma i gang att og Lyse opplyste at det har vore drøfta utan at det så langt har skjedd. Han kunne heller ikkje no gje nokre konkrete opplysningar om satsing på arrangement og julebord.

I ein oppsummering frå SPAR vart det meldt om ein flott sommar med fin auke i omsetnaden. Dieselsalet har også auka bra og satsinga på kortpumpa har vore vellukka. Turistane roser gode turveggar til fjells og i sentrum og spørsmål som går att gjeld fjellturar og bussruter.

Solheim Turiststasjon meldte om ein sesong på det jevne. Framleis er bygdefolket flink til å bruka Solheim og turistar stoppar hvis dei kjem utanfrå. Men dei har mest arbeids- og firmafolk. Det er eit godt samarbeid med Dønhaug.

Magne Huglen meldte om ein betre sesong for arrangementa enn i fjor. Det første og siste gjekk med overskot, dei andre stort sett i null. Det er nødvendig med rundt 300 i låven hvis det skal bli balanse. 2006 var eit fantastisk år og overskotet frå det har Dønhaug flytt på sidan.

Huglen streka under at arrangørane i Kvinnherad må tilpassa seg kvarandre slik at det ikkje blir stemnekollisjonar.

Arne Terje Haugland slo fast at det ikkje har vore nokon stor fiskesesong på grunn av for lite regn, men også i år har han fått mange positive tilbakemeldingar. Han roste også grunneigar Sigmund Myklebust for positiv haldning til friluftsfolket som kjem frå Bergen til Fjellandsbø-området.

På vegne av turgruppa i idrettslaget rapporterte Tor Vidar Sæle at dei stadig betre merka stigane til fjells er meir brukt enn før. Men det er behov for ei betre merking der dei startar. Sæle hadde forslag om arrangement av tre-fire turar om sommaren med utgangspunkt i sentrum og basert på turistar. Han gjentok også eit tidlegare innspel om å lage ein tursti langs elva, kanskje med ei hengebru ved Rabben.

Kristian Bringedal slo fast at Uskedalen slett ikkje ligg tilbake for andre når det gjeld oppmerka stigar og Kjell Yri sa at rosendingane gjerne kjem hit og går i fjellet fordi merkinga er dårlegare hos dei.

Av Ola Matti Mathisen